**ALVER**
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Langenes Bygg AS
Kvassnesvegen 19
5914 ISDALSTØ

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 16.08.2023 |
| Vår: 20/4480 - 23/63699 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Revidert mellombels bruksløyve - riving av løa, bustad og ny bustad gbnr 58/177 Lygre indre

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 839/23** |
| **Tiltakshavar:** | Karoline Fløholm Lygre |
| **Ansvarleg søkjar:** | Langenes Bygg AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Dette vedtaket skal erstatte førre mellombels bruksløyve av 14.07.23 DS 776/23 i same sak 20/4480. Ved inkurie ble ikkje riving av eldre bustad omfatta av førre vedtaket.**
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for riving av løa og eldre bustad og oppføring av ny einebustad på gbnr 58/177 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: riving av løa, eldre bustad og heile ny einebustad unnateke innreiing av følgjande rom i underetasje: bad, bod, soverom, kjellarstove.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 15.09.2025.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i politisk sak APM 085/20 saka 20/4480, datert 10.06.2020.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Innreiing av følgjande rom i underetasje: bad, bod, soverom, kjellarstove.
2. Innlevering av sluttrapport for avfallsplan for både riving av løa og nybygg.
3. Innlevering av SOSI data for utsleppsanlegg.
4. Dokumentasjon på at vilkår nr.2 i rammeløyve er stetta.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: riving av løa, eldre bustad og oppføring av einebustad med unnateke av innreiing av følgjande rom i underetasje: bad, bod, soverom, kjellarstove.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 15.09.25.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.07.23.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Lurevegen 1447  5912 Seim |
| Bygningstiltak: | Riving av løa, bustad og oppføring av ny einebustad |
| Bygningsnummer: | Nybygg 300825012 |
| Bruksareal: | Bustad: 387 m2 nybygg;  løa, bustad revet: 391 m2 |
| Avløp: | privat |
| Vatn: | privat |
| Tal på røykløp: | 1 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4480

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Larissa Dahl<br>Rådgjevar | Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Karoline Fløholm Lygre | Hordvikneset 84 B | 5108 | HORDVIK |
| Krister Langenes | Hordvikneset 84 B | 5108 | HORDVIK |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Langenes Bygg AS | Kvassnesvegen 19 | 5914 | ISDALSTØ |